

Møteprotokoll

Utval: Hovudutval
Møtestad: Biblioteket Skakke
Dato: 25.03.2026
Tid: Kl. 13:00 - 17:00

Følgande medlemmer møtte	Parti
Roger Tendal	FRP
Trude Enge	FRP
Arild Stenberg	H
Liv Kaldheim	SP
Ole Funderud	Uavh

Forfall	Parti	Varamedlemmer	Parti
Hilde Hellenes	AP	Siri Klokkestuen	AP
Andreas Aune	SP	Anita Larsen	SP

Møtenotater:

Utvalet var på synfaring på "nye" Tinghuset før møtet.

Utvalet var på synfaring i HU-sak 012/26 før møtet.

Møteleiar: Arild Stenberg

Merknader til innkallinga: Ingen

Merknader til saklista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Liv Kaldheim(Sp) og Roger Tendal (Frp)

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
009/26	Samlesak for referatsaker
010/26	Samlesak for orienteringar
011/26	Gnr. 016 bnr. 005 m.fl. -Søknad om NMSK-tilskott til bygging av skogsbilveg i Osvågla.
012/26	Gnr. 019 bnr. 004 - Omdisponering og deling av landbrukseigedom - Handsaming etter jordlova
013/26	Gnr. 052 bnr. 001 og 006 - Konsesjon ved overtaking av landbrukseigedom
014/26	Gnr. 150 bnr. 001, 035, 049 og 054 - Konsesjon ved overtaking av landbrukseigedom
015/26	Søknad om konsesjon og deling av fallrettsleigeavtale mellom fallrettshavarane og Miljateig kraftverk AS / SUS
016/26	Søknad om endring av salsløyve - Åkrafjordtunet Drift AS - Joker Åkrafjorden
017/26	Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026-2035 - 2. gongs handsaming
018/26	Vurdering av vikarpool i oppvekst

009/26 Samlesak for referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert godkjende slik dei ligg føre.

25.03.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 009/26 Vedtak

Samrøystes

Referatsakene er godkjende slik dei ligg føre.

010/26 Samlesak for orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.

25.03.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 010/26 Vedtak

Samrøystes

Orienteringa vert tatt til vitande.

011/26 Gnr. 016 bnr. 005 m.fl. -Søknad om NMSK-tilskott til bygging av skogsbilveg i Osvåglia.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i : «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket, §5 Tilskudd til veibygging» løyver Etne kommune 556 000 kroner i NMSK-statstilskott til bygging av skogsbilveg i Osvåglia.

Dette veganlegget har i fylgje søknaden ein lengde på 970 meter og ein totalkostnad på kr. 1 850 000 kroner. Skogandelen er 100 %. Løyvd tilskott utgjer 30 % av kostnadsoverslaget.

Kommunen vil prioritere å følgje opp med tilskott neste år med ein tilskottsprosent opp til 50 % under føresetnad av at bygging av anlegget da er komet i gong, og med forbehold om at kommunen får NMSK-tilskott til skogsvegbygging frå statsforvaltaren også neste år. Kommunen har ingen økonomiske pliktar overfor veglaget om det ikkje blir løyvd midlar til skogsvegar i framtida.

Veglagsformann er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet blir gjort kjent for deltakarane i veglaget.

Vilkår:

- Vegstandarden skal halde krava til vegklasse 4 «Sommarbilveg for tømmarbil med hengar».
- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen blir bygd etter dei krav som er sett til den vegklassa det er gjeve løyve og tilskot til. Kommunen har godkjent byggeplan utarbeida av vegplanleggar FanAgro for veg i denne lia.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen blir vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.
- Kommunen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst. Skogareal som blir hogd skal bli tilfredsstillande forynga, slik at det blir drive eit utholdande skogbruk i området. Plantinga må gå føre seg det første året eller det tredje året etter hogst med tanke på fare for snutebilleangrep. Kommunen kan dispensere frå kravet om planting.
- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betale leige.
- Vegen skal godkjennast før grusing
- Ved bygging av veg og uttak av tømmer skal det takast nødvendige omsyn til hønsehauk og klebersteinsbrot

Utbetaling

- Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 15.03.2029. Tilskottet blir automatisk trekt inn utan nærare varsel ved fristens utløp.

- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema LDIR-904 for rekneskapssamandrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga blir ikkje betalt ut før veganlegget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling blir gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på føreskriven vis.

Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er skjedd i tråd med føresetnadane. Kommunen utfører resultatkontroll når anlegget er ferdig. Vedtak om løyvd tilskot kan gjerast om og utbetalt tilskot kan krevjast tilbakebetalt dersom tilhøve i strid med føresetninga for løyvinga vert oppdaga. Kravet kan motreknast i andre tilskot som har opphav i mottakarens landbruksverksemd.

Det er klagerett på vedtaket. Klage kan skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland og skal sendast til Etne kommune seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

25.03.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 011/26 Vedtak

Samrøystes

Med heimel i : «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket, §5 Tilskudd til veibygging» løyver Etne kommune 556 000 kroner i NMSK-statstilskott til bygging av skogsbilveg i Osvågla.

Dette veganlegget har i fylgje søknaden ein lengde på 970 meter og ein totalkostnad på kr. 1 850 000 kroner. Skogandelen er 100 %. Løyvd tilskott utgjør 30 % av kostnadsoverslaget.

Kommunen vil prioritere å følgje opp med tilskott neste år med ein tilskottsprosent opp til 50 % under føresetnad av at bygging av anlegget da er komet i gong, og med forbehold om at kommunen får NMSK-tilskott til skogsvegbygging frå statsforvaltaren også neste år. Kommunen har ingen økonomiske pliktar overfor veglaget om det ikkje blir løyvd midlar til skogsvegar i framtida.

Veglagsformann er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet blir gjort kjent for deltakarane i veglaget.

Vilkår:

- Vegstandarden skal halde krava til vegklasse 4 «Sommarbilveg for tømmarbil med hengar». Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen blir bygd etter dei krav som er sett til den vegklassa det er gjeve løyve og tilskot til. Kommunen har godkjent byggeplan utarbeida av vegplanleggar FanAgro for veg i denne lia.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen blir vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.
- Kommunen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst. Skogareal som blir hogd skal bli tilfredsstillande forynga, slik at det blir drive eit utholdande skogbruk i området. Plantinga må gå føre seg det første året eller det tredje året etter hogst med tanke på fare for snutebilleangrep. Kommunen kan dispensere frå kravet om planting.
- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betale leige.
- Vegen skal godkjennast før grusing
- Ved bygging av veg og uttak av tømmer skal det takast nødvendige omsyn til hønsehauk og klebersteinsbrot

Utbetaling

- Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 15.03.2029. Tilskottet blir automatisk trekt inn utan nærare varsel ved fristens utløp.
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema LDIR-904 for rekneskapssamandrag.
- Deler av tilskottet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga blir ikkje betalt ut før veganlegget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling blir gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på føreskriven vis.

Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er skjedd i tråd med føresetnadane. Kommunen utfører resultatkontroll når anlegget er ferdig. Vedtak om løyvd tilskot kan gjerast om og utbetalt tilskot kan krevjast tilbakebetalt dersom tilhøve i strid med føresetninga for løyvinga vert oppdaga. Kravet kan motreknast i andre tilskot som har opphav i mottakarens landbruksverksemd.

Det er klagerett på vedtaket. Klage kan skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland og skal sendast til Etne kommune seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

012/26 Gnr. 019 bnr. 004 - Omdisponering og deling av landbrukseigedom - Handsaming etter jordlova

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Hovudutvalet avslår etter § 9 og 12 i jordlova søknad frå Ulf Steine om å dele i frå og omdisponere 3 parsellar med landbruksareal frå gnr. 19 bnr. 4.

Grunngjeving:

Parsell nummer 1:

Omdisponering av 1,5 dekar overflatedyrka jordbruksareal er i strid med målet om å verne produktive areal og jordsmonn mot nedbygging. Våningshuset og driftsbygningen er ein viktig ressurs for garden og frådeling vil gi utfordringar for vidare drift av landbruksarealet på garden.

Parsell nummer 2:

Ein vesentleg del av tunarealet med den eine avkjørsla er søkt frådelt. Garden har bruk for tunarealet slik det er i dag, t.d. ved utvendig vedlikehald av driftsbygningen, gjennomkjøring, parkering og eventuell framtidig utbygging.

Parsell nummer 3:

Frådeling vil føre til varig tap av 2,5 dekar dyrkbar jord. Dette er i strid med målet om å verne produktive areal og jordsmonn.

Det er klagerett på vedtaket. Klage skal sendast innan 3 veker etter at søkjar har fått vedtaket i hende til post@etne.kommune.no Faktura på 2000 kroner i sakshandsamingsgebyr vil bli ettersendt.

25.03.2026 Hovudutval

Behandling

Utsettelsesforslag - Utsetjingsforslag, omforeint, foreslått av Arild Stenberg, Høgre
Hovudutvalet utset saka og ber om meir informasjon. Hovudutvalet opplever at det ikkje er samsvar mellom det som er opplyst i saksførebuinga og det utvalet har fått informasjon om under synfaringa.

Utvalet var på synfaring i HU-sak 012/26 før møtet.

Røysting

Det omforeinte utsetjingsforslaget samrøystes vedteke.

HOV - 012/26 Vedtak

Samrøystes

Hovudutvalet utset saka og ber om meir informasjon. Hovudutvalet opplever at det ikkje er samsvar mellom det som er opplyst i saksførebuinga og det utvalet har fått informasjon om under synfaringa.

013/26 Gnr. 052 bnr. 001 og 006 - Konsesjon ved overtaking av landbrukseigedom

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i konsesjonslova 28.11.2003 gir Etne kommune konsesjon til Odd-Herman Haugen Taraldsøy for overtaking av landbrukseigedomen gnr. 52 bnr. 1 og 6 med vilkår om upersonleg buplikt i 10 år fram til 01.04.2036.

Aud Marta Haugen skal ha rett til å leie våningshuset for si livstid, eller så lenge ho ønskjer det. Om ho flytter derifra før det har gått 10 år skal den upersonlege buplikta gjerast om til personleg buplikt for Odd-Herman Haugen, som skal flytte dit og bu der i minimum 5 år.

Grunngjeving for vedtaket:

Ervervet vil ivareta omsynet til busettinga i området, innebærer ei driftsmessig god løysing og vil ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og til kulturlandskapet.

Det er klagerett på vedtaket. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland.

Faktura på 4000 kroner i sakshandsamingsgebyr blir ettersendt til søker.

25.03.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 013/26 Vedtak

Samrøystes

Med heimel i konsesjonslova 28.11.2003 gir Etne kommune konsesjon til Odd-Herman Haugen Taraldsøy for overtaking av landbrukseigedomen gnr. 52 bnr. 1 og 6 med vilkår om upersonleg buplikt i 10 år fram til 01.04.2036.

Aud Marta Haugen skal ha rett til å leie våningshuset for si livstid, eller så lenge ho ønskjer det. Om ho flytter derifra før det har gått 10 år skal den upersonlege buplikta gjerast om til personleg buplikt for Odd-Herman Haugen, som skal flytte dit og bu der i minimum 5 år.

Grunngjeving for vedtaket:

Ervervet vil ivareta omsynet til busettinga i området, innebærer ei driftsmessig god løysing og vil ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og til kulturlandskapet.

Det er klagerett på vedtaket. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland.

Faktura på 4000 kroner i sakshandsamingsgebyr blir ettersendt til søker.

014/26 Gnr. 150 bnr. 001, 035, 049 og 054 - Konsesjon ved overtaking av landbrukseigedom

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i konsesjonslova 28.11.2003 gir ikkje Etne kommune konsesjon til 13 hytteeigarar for kjøp av landbrukseigedomen gnr. 150 bnr. 1, 35, 49 og 54 i Etne kommune.

Dei 13 hytteeigarane som har kjøpt gnr. 150 bnr. 1, 35, 49 og 54 må innan 1.10.2026 ha solgt vidare landbrukseigedomen til nokon som kan få konsesjon.

Grunngjeving for avslag :

Å selje ein landbrukseigedom til eit sameige mellom 13 hytteeigarar vil ikkje gi ei driftsmessig god nok løysing sett i forhold til føremålet i konsesjonslova som er å *"regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet."* Å selje eigedomen til hytteinteresserte i staden for til landbruksføremål vil ikkje tilgodesjå landbruksnæringa og omsynet til busettinga.

Konsesjonssøknaden kan heller ikkje vektleggjast positivt i forhold til konsesjonslova § 9 punkt 1 som gjeld omsynet til busetting, punkt 2 som gjeld om ervervet innebærer ei driftsmessig god løysing, og punkt 4 som gjeld å ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet, og er heller ikkje i tråd med jordlova sin føremålsparagraf. Viser til Rundskriv M-35/95 der jordlova sitt mål for bruksstruktur og eigendomsutforming er knytta til eit mål om å skape grunnlag for stabile arbeidsplasser og gi lønsemd i landbruket.

Vedtaket med vilkår kan klagast på i henhold til konsesjonslova. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland.

Faktura på 4000 kroner i sakshandsamingsgebyr blir ettersendt til konsesjonssøkjjar.

25.03.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 014/26 Vedtak

Samrøystes

Med heimel i konsesjonslova 28.11.2003 gir ikkje Etne kommune konsesjon til 13 hytteeigarar for kjøp av landbrukseigedomen gnr. 150 bnr. 1, 35, 49 og 54 i Etne kommune.

Dei 13 hytteeigarane som har kjøpt gnr. 150 bnr. 1, 35, 49 og 54 må innan 1.10.2026 ha solgt vidare landbrukseigedomen til nokon som kan få konsesjon.

Grunngjeving for avslag :

Å selje ein landbrukseigedom til eit sameige mellom 13 hytteeigararar vil ikkje gi ei driftsmessig god nok løysing sett i forhold til føremålet i konsesjonslova som er å "*regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet.*" Å selje eigedomen til hytteinteresserte i staden for til landbruksføremål vil ikkje tilgodesjå landbruksnæringa og omsynet til busettinga.

Konsesjonssøknaden kan heller ikkje vektleggjast positivt i forhold til konsesjonslova § 9 punkt 1 som gjeld omsynet til busetting, punkt 2 som gjeld om ervervet innebærer ei driftsmessig god løysing, og punkt 4 som gjeld å ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet, og er heller ikkje i tråd med jordlova sin føremålsparagraf. Viser til Rundskriv M-35/95 der jordlova sitt mål for bruksstruktur og eigendomsutforming er knytta til eit mål om å skape grunnlag for stabile arbeidsplasser og gi lønsemd i landbruket.

Vedtaket med vilkår kan klagast på i henhold til konsesjonslova. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland.

Faktura på 4000 kroner i sakshandsamingsgebyr blir ettersendt til konsesjonssøklar.

015/26 Søknad om konsesjon og deling av fallrettsleigeavtale mellom fallrettshavarane og Miljateig kraftverk AS / SUS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etne kommune tilrår at Statsforvaltaren i Vestland gjev Miljateig Kraftverk AS - SUS på vegne av fallrettseigarane i Miljateigselva, løyve etter § 12 i jordlova til å dele i frå "Avtale om leige av fallrettar og rett til bruk av grunn med meir av 23.09.2024", som gjeld gnr. 111 bnr. 10 og gnr. 111 bnr. 1, som omsøkt under visse vilkår.

Etne kommune tilrår at Statsforvaltaren i Vestland med heimel i konsesjonslova §§ 1, 2, 3 og 11. gjev Miljateig Kraftverk AS - SUS konsesjon for "Avtale om leige av fallrettar og rett til bruk av grunn med meir av 23.09.2024", som gjeld gnr. 111 bnr. 10 og gnr. 111 bnr. 1 som omsøkt under følgjande vilkår:

Vilkår:

- Fallretten skal ikkje kunne delast frå gardsbruka og seljast i avtaleperioden.
- Før ferdiggodkjenning av planlagde vegar skal det føreligge ein avtale om vedlikehald av vegane
- Anlegget skal vere ferdig innan 01.01.2032 og at nødvendige løyve etter anna lovverk blir gjeve.
- Konsesjonen gjeld frå signering av nemnde avtale av 23.09.2024 og til utløpet av det 60. år frå kraftverket blir sett i kommersiell drift.

25.03.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 015/26 Vedtak

Samrøystes

Etne kommune tilrår at Statsforvaltaren i Vestland gjev Miljateig Kraftverk AS - SUS på vegne av fallrettseigarane i Miljateigselva, løyve etter § 12 i jordlova til å dele i frå "Avtale om leige av fallrettar og rett til bruk av grunn med meir av 23.09.2024", som gjeld gnr. 111 bnr. 10 og gnr. 111 bnr. 1, som omsøkt under visse vilkår.

Etne kommune tilrår at Statsforvaltaren i Vestland med heimel i konsesjonslova §§ 1, 2, 3 og 11. gjev Miljateig Kraftverk AS - SUS konsesjon for "Avtale om leige av fallrettar og rett til bruk av grunn med meir av 23.09.2024", som gjeld gnr. 111 bnr. 10 og gnr. 111 bnr. 1 som omsøkt under følgjande vilkår:

Vilkår:

- Fallretten skal ikkje kunne delast frå gardsbruka og seljast i avtaleperioden.
- Før ferdiggodkjenning av planlagde vegar skal det føreligge ein avtale om vedlikehald av vegane
- Anlegget skal vere ferdig innan 01.01.2032 og at nødvendige løyve etter anna lovverk blir gjeve.
- Konsesjonen gjeld frå signering av nemnde avtale av 23.09.2024 og til utløpet av det 60. år frå kraftverket blir sett i kommersiell drift.

016/26 Søknad om endring av salsløyve - Åkrafjordtunet Drift AS - Joker Åkrafjorden

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etne kommune innvilgar søknad frå Åkrafjordtunet Drift AS – Joker Åkrafjorden, sal av alkoholhaldig drikk ved hjelp av RMA-Butikkstyring.

Salsstad /adresse: Joker Åkrafjorden, Åkrafjordvegen 1105, 5590 Etne

Godkjent styrar: John Karsten Hustveit, f. 060574

Godkjent avløyser for styrar: Anne Elin L. Sævareid, f. 010975

Alkoholvare: Gruppe 1 (4,7%)

Type løyve: Fast salsløyve

Salstid og utlevering: I samsvar med punkt 4 i alkoholpolitiske retningslinjer

Gebyr: Skal betalast i samsvar med gjeldande statlege satsar

Løyvet er gyldig til: 30.09.28

Løyvehavar pliktar å melde frå til kommunen om endringar i driftsform eller endringar knytt til styrar og avløyssar for styrar, då dette er høve som kan føra til ny vurdering av løyvet.

Det er løyvehavar sitt ansvar å eventuelt senda dette vidare til sine leverandørar.

25.03.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 016/26 Vedtak

Samrøystes

Etne kommune innvilgar søknad frå Åkrafjordtunet Drift AS – Joker Åkrafjorden, sal av alkoholhaldig drikk ved hjelp av RMA-Butikkstyring.

Salsstad /adresse: Joker Åkrafjorden, Åkrafjordvegen 1105, 5590 Etne

Godkjent styrar: John Karsten Hustveit, f. 060574

Godkjent avløyssar for styrar: Anne Elin L. Sævareid, f. 010975

Alkoholvare: Gruppe 1 (4,7%)

Type løyve: Fast salsløyve

Salstid og utlevering: I samsvar med punkt 4 i alkoholpolitiske retningslinjer

Gebyr: Skal betalast i samsvar med gjeldande statlege satsar

Løyvet er gyldig til: 30.09.28

Løyvehavar pliktar å melde frå til kommunen om endringar i driftsform eller endringar knytt til styrar og avløyssar for styrar, då dette er høve som kan føra til ny vurdering av løyvet.

Det er løyvehavar sitt ansvar å eventuelt senda dette vidare til sine leverandørar.

017/26 Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026-2035 - 2. gongs handsaming

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar at Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for 2026-2035 blir vedtatt slike den ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Eldreråd, 23.03.2026 - 007/26

Uttale frå Eldreråd

Samrøystes

Rådet seier seg samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 23.03.2026 - 011/26

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet er opptatt av tilstanden til noverande svømmehall. Det er eit ynskje om at oppgradering av

svømmehall vert prioritert slik at gruppa med nedsett funksjonsevne kan ha ein hall som også dei kan nytta i skuletida og ettermiddag/kveld.

Rådet seier seg elles samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsråd, 23.03.2026 - 005/26

Uttale frå Ungdomsrådet:

Samrøystes

Ungdomsrådet stiller seg positive til at ein legg opp til uorganisert aktivitet og seier seg elles samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

23.03.2026 Eldreråd

Behandling

ER - 007/26 Vedtak

Uttale frå Eldreråd

Samrøystes

Rådet seier seg samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

23.03.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 011/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet er opptatt av tilstanden til noverande svømmehall. Det er eit ynskje om at oppgradering av svømmehall vert prioritert slik at gruppa med nedsett funksjonsevne kan ha ein hall som også dei kan nytta i skuletida og ettermiddag/kveld.

Rådet seier seg elles samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

25.03.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 017/26 Vedtak

Tilråding frå Hovudutvalet

Samrøystes

Kommunestyret vedtar at Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for 2026-2035 blir vedtatt slike den ligg føre.

018/26 Vurdering av vikarpool i oppvekst

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etne kommunestyre gjer følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å ikkje etablera ei sentral eller sektordelt vikarpool.
2. Kommunestyret ber i staden kommunedirektøren styrkja grunnbemanninga gjennom etablering av faste, lokale ressursstillingar i skulen slik det har vore i barnehage.
3. Ordninga skal finansierast innanfor eksisterande rammer for vikarbruk. Budsjettering skjer etter aktivitetsbasert modell justert med fagleg skjønn.
4. Ordninga startar frå hausten 2026.
5. Det skal leggjast fram ei evaluering etter 12 månader (haust 2027) med status på kontinuitet, kvalitet, sjukefråvær, overtid/ekstraarbeid og økonomi, og eventuelle justeringar i dimensjonering.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 23.03.2026 - 012/26

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet er positive til å auke grunnbemanninga då dette vil vera meir forutsigbart for målgruppa enn vikarpool.

Rådet seier seg samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsråd, 23.03.2026 - 006/26

Uttale frå Ungdomsrådet:

Samrøystes

Ungdomsrådet meiner det er tryggare og meir forutsigbart med lokalt tilsette i motsetning til oppretting av vikarpool. Ungdomsrådet seier seg elles samd i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

23.03.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 012/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet er positive til å auke grunnbemanninga då dette vil vera meir forutsigbart for målgruppa enn vikarpool.

Rådet seier seg samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

25.03.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 018/26 Vedtak

Tilråding frå Hovudutval
Samrøystes

Etne kommunestyre gjer følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å ikkje etablera ei sentral eller sektordelt vikarpool.
2. Kommunestyret ber i staden kommunedirektøren styrkja grunnbemanninga gjennom etablering av faste, lokale ressursstillingar i skulen slik det har vore i barnehage.
3. Ordninga skal finansierast innanfor eksisterande rammer for vikarbruk. Budsjettering skjer etter aktivitetsbasert modell justert med fagleg skjønn.
4. Ordninga startar frå hausten 2026.
5. Det skal leggjast fram ei evaluering etter 12 månader (haust 2027) med status på kontinuitet, kvalitet, sjukefråvær, overtid/ekstraarbeid og økonomi, og eventuelle justeringar i dimensjonering.